



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: S579

Sak nr 5/2015

Møtedato: 18.3.15

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

S 579, Nørre Gilen – søknad om å erstatte kårstel

Ole Einar Robøle søker om å få rive gammalt kårstel frå 1939 og føre opp eit nytt på same staden. For å oppgrade til dagens standard, med m.a. bad, ynskjer søkjaren å utvide arealet frå 18 til 27 m² (BYA). Teikningar av nytt kårstel er lagt ved. På stølen er det frå før sel på 60m².

Stølen blir brukt til beite og slått. Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnyttning av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Statskog har gjeve følgjande uttale datert 26.1.15:

Viser til oversendt søknad fra setereier Ole Einar Robøle om renovering og tilbygg på anneks på Gilen. Statskog uttaler seg med dette til søknaden etter seterforskriftens § 10.

Annekset er i følge søker oppført i 1936, og grunnmur og pipe er i forfall og bevegelse. Det er ønske om å rive eksisterende bygg og oppføre nytt på samme sted og i samme stil. Søker ønsker i den forbindelse å utvide annekset fra 18 m² til 27 m², for på den måten å oppnå en oppgradering til dagens standard. Setra opplyses å være i bruk til slått og beite.

Ved søknader om endring eller utvidelse av seterhus skal det gjøres en konkret vurdering av hva som er nødvendig og rasjonelt med tanke på utnyttelse av setra. Det er svært positivt at seterbygninger vedlikeholdes og benyttes i drifta. I følge vårt seterregister er seterhuset på ca 60 m². I tillegg er nåværende anneks 18 m². Basert på bruken til slått og beiting synes det ikke umiddelbart innlysende at det er behov for en utvidelse av annekset. På den annen side er det ikke unaturlig at et anneks fra mellomkrigstiden vurderes som lite og uhensiktsmessig ut i fra dagens krav til standard. En utbygging som omsøkt vil etter vårt skjønn ikke medføre noen større karakterendring på setertunet, og bygningen vil fortsatt beholde sin karakter som seteranneks.

Forutsatt at fjellstyret i så tilfelle begrunner sitt vedtak med en konkret behovsvurdering vil ikke Statskog motsette seg renovering og tilbygg slik som omsøkt. Det forutsettes videre at fjellstyret med sin lokalkunnskap vurderer forholdet til lokal byggeskikk og kulturlandskap.

Oppland fylkeskommune, kulturarvenheten har gjeve følgjande uttale datert 18. februar 2015:

Vi viser til oversendelse mottatt 23.01.2014 der det blir bedt om uttalelse til riving av et anneks som erstattes med et nytt.

Kulturarvenheten vurderer det som viktig at stølen blir funksjonell etter dagens standard og har ingen merknader til at annekset fra 1930-tallet rives og erstattes med et nytt, litt større på samme sted. Utformingen av bygningen er viktig for tilpasning til stølsmiljøet og bør få en materialbruk, takvinkel, form, fargebruk og detaljering som harmonerer med de øvrige bygningene. Vinduene bør være tradisjonelle, sidehengslade med gjennomgående sprosser.

Utover dette har vi ingen merknader til saken.

Ut frå drifta er samla areal i utgangspunktet tilstrekkeleg om det vore i eitt bygg, men dette er delt på to bygg. Husa ha vore brukt av to generasjonar i stølsdrifta og det er nødvendig at husa oppfyller dagens krav til standard. Dette er eit lite tilbygg på 9 m² og det gjer at kårselet blir praktisk å bruke. Statskog har ingen merknader til utviding av arealet når det er behov for det i drifta. Utviding av arealet bør derfor vera ei kurant sak å få godkjent. Oppland fylkeskommune har uttala at utforming av bygningen er viktig for tilpassing til stølsmiljøet. Huset bør ha materialbruk, takvinkel, form, fargebruk og detaljering som harmonerer med dei andre bygningane. Vindauga bør vera tradisjonelle, sidehengsla med gjennomgåande sprosser. Fjellstyret bør råda søkjar til å følgje tilråding frå fylkeskommunen.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte tilbygg til kårstel og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene. Vedtaket er gjort på vilkår av at det eksisterande kårselet blir fjerna og nytt bygg blir ført opp på same stad. Fjellstyret ber søkjar om å følgje tilråding frå Oppland fylkeskommune.

Vedtak:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.3.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ole Einar Robøle
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune